



FOLGEFONN FERIEGÅRD  
ROSENDAL I HARDANGER

Leigekontrakt  
for  
feriehus

mellom

KVINNHERAD KOMMUNE  
(amerikanske studentar)

og

JOSTEIN HATTEBERG  
(utleigar)

# LEIGEKONTRAKT

Denne kontrakten er inngått av og mellom KVINNHERAD KOMMUNE (heretter kalla leigetakar) og Jostein Hatteberg (heretter kalla utleigar).

Under hensyn til dei gjensidige forpliktingar som fylgjer av denne kontrakten, er partane samde om fylgjande:

## 1. LEIGETILHØVET OMFATTAR:

Utleigar leiger feriehus på Folgefonn FerieGard sin eigendom Øyro 33 på Malmanger i Rosendal. Avtalen gjeld pr feriehus.

Eigedomen/feriehuset er utleigt fullt møblert med alle nødvendige fasilitetar.

Leigetilhøvet omfattar òg: internett, renovasjon & kommunale avgifter.

## 2. LENGDA PÅ LEIGETILHØVET:

Leigetilhøvet startar f.o.m. Ca 13.10.2023 og gjeld fram til ca. 11.12.2023, eller til kontrakten blir sagt opp. Leigetakar har rett til å seia opp kontrakten ved å gje utleigar 14 dagars skriftleg førehandsvarsel.

## 3. LEIGESUM:

Leiga er for 2023 kr 55 580 (ordinær pris – 30 %) og inkluderer ti sengesett og handklede. I tillegg kjem kr 1 500 til innkjøp av mat. Totalpris å betala blir kr 57 080.

Leiga blir fakturert forskotsvis, og blir elles justert kvart år i samsvar med generell prisstigning og konsumprisindeks.

Leigetakar betaler i tillegg for straum og ved, samt for sluttvask ved utflytting. Dette blir fakturert etterskotsvis.

## 4. LEIGETAKAR SINE PLIKTER

Leigetakar skal bruka eigedomen og inventaret med fornuft. Når kontrakten opphøyrer skal eigedomen tilbakeleverast i same stand som ved mottaking, med unntak av normal slitasje.

Leigetakar er forplikta til å reparera skader som er oppstått av di han sjølv, husstanden hans eller gjester har oppført seg uaktsamt. Leigetakar skal og syta for normal reingjering i leigeperioden, samt sluttvask etter reining frå reingjeringsbyrå når kontrakten opphøyrer.

Leigetakar er forplikta til å melda frå om alle skader på eigedomen.

Han må ikkje utan løyve av utleigar føreta bygningsmessige endringar.

*Straumstand ved leigestart: Kwh*

*Straumforbruk og sluttreingjering blir etterfakturert.*

## 5. UMLEIGAR SINE PLIKTER

Utleigar skal syta for at eigedomen til ei kvar tid er forsikra og betala alle faste utgifter som vedkjem eigedomen.

Utleigar skal syta for å vedlikehalda eigedomen og halda inventaret i god stand så lenge kontrakten gjeld.

## 6. FRÅFLYTTING

Leigetakar forpliktar seg til å flytta frå eigedomen utan søksmål eller dom når kontrakten opphøyrer, eller dersom leiga ikkje blir betalt i rett tid, jfr. tvangsfullbyrdingslova sin paragraf 13-2.

## 7. OVERTAKING/TILBAKELEVERING

Overtaking og tilbakelevering av eigedomen skal skje ved felles befarung.

## 8. SPØRSMÅL

Alle spørsmål eller annan informasjonsformidling under denne kontrakt, skal skje på fylgjande måte.

Leigar: KVINNHERAD KOMMUNE  
Adresse: Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal  
Referanse: Kontraksunderskrivar er kontaktansvarlege for den kontraktsmessige delen av denne kontrakten

Norsk MVA nr/  
føretaksnummer: 964 967 636  
Reg. v/fylkesskatteetaten i:

Telefonnr.: 45 21 07 07  
ePost: hilde.kjelstrup@kinnherad.kommune.no

Utleigar: Jostein Hatteberg  
Adresse: P. boks 7, 5486 Rosendal  
Referanse: J. Hatteberg

Norsk MVA nr/  
føretaksnummer: 969 627 345  
Reg. v/fylkesskatteetaten i: Vestland

Telefonnr.: 489 94 213  
ePost: [rosendal@folgefonn.net](mailto:rosendal@folgefonn.net)

## 9. VERNETING/LOVTING

Partane godtek vernetung for eigedomen i alle tvistemål i høve denne leigekontrakten. I tillegg til denne kontrakten gjeld huseigelova sine vilkår.

## 10. SERLEGE VILKÅR

Leigar har ikkje høve til å vidareleiga huset til andre utan samtykkje frå utleigar.

## 11. UNDERSKRIFT

Partane godtek alle vilkår i denne leigekontrakten, som er underskriven i original i to eksemplar, der partane beheld ein original kvar.

Jostein Hatteberg  
(utleigar)

Ved:



Namn: Jostein Hatteberg  
Tittel: Eigar/utleigar  
Dato: 12.09.2023

KVINNHERAD KOMMUNE  
(leigetakar)

Ved:



Namn: Heidi A. Sæversten Schheim  
Tittel: Leigetakar  
Dato: 02.10.23